

Tur 1

Vika - Vestre Vika - gml. graveplass - Melkevik

Lengde: Ca. 1,7 km til gammel gravplass, ca. 2 km til Melkevik.

Tid: Tid til Melkevik ca. 25 min.

Terreng: lyngmark, lett terreng.

Frå parkeringsplassen ved gravplassen på Vika, går ein eit stykke langs riksveg 541 før ein krysser riksvegen mot Vika. På Vika tek ein av langs bilveg mot Vestre Vika og Melkevik. Der bilvegen sluttar går ein eit stykke i nor/vestleg retning på gardsveg (hugs å lukka grindane). Så tek ein av gardsvegen der det er merka med raudt. Den gamle gravplassen ligg på Hakketønnesletto, og der finst framleis mange gravstøtter. Under ei gravhelle her vart det gøymt ein radio under 2. verdenskrig. To søstre som drukna i Melkevik i 1901 er gravlagde her. Siste gong denne gravplassen vart brukt var i 1912. Frå den gamle gravplassen går ei omlag 300 meter ned til Melkevik. Her er ei stor grasslette og fine svaberg. På tilbaketuren kan ein frå gardsbruket Myrane gå over Heddene og ned til parkeringsplassen ved gravplassen på Vika.